




Møre og Romsdal fylke



Partnerskapsavtale om førstelinjetenesta for etablerarretteiing

mellom

Møre og Romsdal fylke og Innovasjon Norge Møre og Romsdal

Og

Aure



1. Avtalepartar:

Møre og Romsdal fylke, Innovasjon Norge Møre og Romsdal og
Aure kommune

2. Forankring og bakgrunn

Nyskaping er eit av satsingsområde gjennom verdiskapingsprogrammet i fylkesplanen til Møre og Romsdal 2009-2012.

Entreprenørskapsprogrammet hoppid.no (2006-2010) er eit tiltak med hovudformål; *"Fleire og betre nyetableringar"* og ein visjon; *"Gründerfylket Møre og Romsdal skal igjen vere ei sanning"*.

Førstelinjetenesta for etablerarretteiing og tilrettelegging for næringsutvikling er ein suksessfaktor i denne satsinga. Målsettinga er *"Ei oversiktleg og ein kvalitetsmessig høg standard på førstelinjetenesta i heile fylket"*. Kommunane har eit tilretteleggingsansvar for dette lokalt, og er såleis Møre og Romsdal fylke og Innovasjon Norge sin viktigaste samarbeidspart.

3. Førstelinjetenesta si rolle

Det er det første naturlege kontaktpunkt for ein person som ønskjer å etablere bedrift og omfattar følgjande oppgåver:

- a. Behovsavklaring med utgangspunkt i personen si haldning, motivasjon, utfordringar m.m.
- b. Vidareformidle og kople til rett kompetanse.
- c. Kontaktperson ved behov undervegs i etableringsløpet.
- d. Fasilitator og tilretteleggar for mobiliseringstiltak og oppfølgingstiltak.
- e. Minimum enkel rettleiing t.d. i utarbeiding/utfylling av forretningsplan.

4. Forpliktingar

a. Kommunen

1. Gjere vedtak om kven som skal ha rolla som førstelinjeteneste for etablerarretteiing i kommunen eller etter oppdrag frå kommunen.
2. Setje av ressursar tilpassa behov og målsettingar.
3. Forpliktar seg til løpande å sikre god kvalitet på tenesta og i første omgang gjennomgå sertifiseringsopplegg i regi av Møre og Romsdal fylke og Innovasjon Norge.
4. Samarbeidspart og lokal tilretteleggar i gjennomføring av mobiliserings- og opplæringstiltak.

b. Møre og Romsdal fylke

1. Ansvar for å utvikle kompetansegivande sertifiseringskurs for personar i førstelinjetenesta for etablerarretteiing.
2. Ansvar for sertifisering, inkl. gjennomføring og finansiering av sertifiseringskurs (punkt 1)
3. Utvikle felles profileringsmateriell for synleggjering av tenesta.
4. Ansvar for min. ein årleg felles møteplass for førstelinjetenesta.
5. Sikre løpande oppdatering og kommunikasjon gjennom ei nettbasert løysing (intranett)
6. Ansvar for etableraropplæring i oppstarts- og utviklingsfase.
7. Økonomisk ramme til avklaring av forretningsidear.

c. Innovasjon Norge Møre og Romsdal

1. Ansvar for oppfølging av etablerarar som har fått tilskot frå Innovasjon Norge.
2. Halvårlege felles dialogmøte med førstelinjetenesta.
3. Gjennomføre regionale/lokale kontordagar.
4. Bistå lokalt nivå med opplegg innan tema idefangst/knoppskyting.
5. Etablere og administrere mentorordning.
6. Ansvar for informasjon om bedriftsøkonomiske verkemiddel.

5. Resultat av samarbeidet

- a. Ei tydeleg og oversiktleg førstelinjeteneste.
- b. God og lik kvalitet på tenesta i heile fylket.
- c. Rask identifisering av behov hos brukarane.
- d. Auka overlevingsevne og vekst for nyetablerte bedrifter.

6. Profilering

Tiltak som blir gjennomført i regi av avtala skal marknadsførast som samarbeidstiltak mellom partane og evt. den kommunen gir rolla som førstelinjeteneste.

7. Avtaleperiode

Avtala gjeld i programperioden for hoppid.no 2006-2010, men kan vere gjenstand for årleg justering og oppdatering i h.t. endringar og erfaringar.

Aure, 28.05.09

		
-----	-----	-----
Aure Kommune	Møre og Romsdal fylke	Innovasjon Norge

Vedlegg: Konkretisering av handlingsplan, mål og ressursar i den enkelte kommune